



KONTROLLUTVALET I FORSAND PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtenr.: 1/2012	Møtedato: 13. februar 2012	Utvalgssaksnr.: 1/12 - 8/12
Innkalt: Wenche Selvik Thor Espedal Arne Maudal	Forfall: Arne Maudal hadde meldt forfall, Jan Sigve Schelbred møtte som vara. Thor Espedal hadde meldt forfall, Annbjørg S. Haukalid møtte som vara.		
Andre som var tilstades: Frå kommunen møtte: Rådmann Terje Nysted, Plan- og utviklingssjef Årstein Løland og Organisasjonssjef Audun Grødem til sak 2. Oppdragleiar Tore Kristensen møtte frå Rogaland Revisjon Seniorrådgivar Per Kåre Vatland møtte frå kontrollutvalsekretariatet.			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

1/12 Godkjenning av protokollar frå møtet 29. november 2011

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 29. november 2011.

2/12 Ny plan for forvaltningsrevisjon - innspel frå administrasjonen

Rådmannen la fram administrasjonen sine forslag til ny plan for forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tar administrasjonens innspel til Plan for forvaltningsrevisjon til etterretning.

3/12 Ny plan for forvaltningsrevisjon - planlegging møte med politikarane

Kontrollutvalet vart einige om å invitere ordførar, varaordførar, gruppeleiarane og leiar driftsutval.

Sekretariatet oppdaterer invitasjonsskrivet og lager eit oversendingsbrev, som vert lagd ut til dei politiske leiarane i dag. Dei vert inviterte til møte måndag 19. mars kl 18.00, i forkant av gruppemøta som vert halde same dag.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet ønskjer møte med politiske leiarar den 19.03.2012 kl 18.00, og ber sekretariatet sende ut vedlagt informasjon forut for dette møtet.

4/12 Kontrollutvalets oppgåver og ansvarsområde - kommunale rekneskap

Revisor orienterte om kommunale rekneskap.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek revisor sin gjennomgang av kommunale rekneskap til orientering.

5/12 Bestilling forvaltningsrevisjon: Anskaffingar (Innkjøp til drift og investering)

Kontrollutvalet hadde ingen tilføyningar til bestillinga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet opprettheld bestillinga av forvaltningsrevisjonen Anskaffingar som vart vedteken i møtet 29.11.2011.

6/12 Rekneskap for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011

Sekretariatet orienterte om rekneskapsoversikten for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsversikt for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011 til etterretning.

7/12 Kontrollutvalet si årsmelding 2011

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtek framlagd årsmelding for 2011. Årsmeldinga vert oversend kommunestyret til orientering.

8/12 Statusoversikt februar 2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek Statusoversikt februar 2012 til orientering

MELDINGAR/REFERATSAKER

Periode: 25. august 2011 - 13. februar 2012

Ingen referatsaker til dette møte.

EVENTUELT

Ingen saker under eventuelt

Neste møte vert 7. mai kl. 13.00.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet